

Møtereferat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	3-2022
Dato:	08.06.22
Tidspunkt:	09.30-13.00
Stad:	Festingdalen
Type handsaming:	Styremøte

Til stades:

Torunn Hønsi (styreleiar)
Jøril Hovland
Ståle Øvstetun (deltok på Teams)
Marianne Ovrid
Åge Skrede
Birgit Lervik
Bjarne Larsen

Frå administrasjon:

Dagny Ugulsvik Alvik, Aud Jane Beheim og Anne Sigrid Loftesnes Harjo

Forfall

Petter Sortland
Arnstein Menes

Godkjenningssaker:

- G 06/22** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Innkalling og sakliste vart godkjent
- G 07/22** **Godkjenning av referat frå styremøtet 21.03.22**
Referat frå styremøtet 21.03.22 vart godkjent og signert.

Orienteringssaker

- O 07/22** **Referatgjennomgang frå møtet i representantskapet og gjennomgang av styreinstruks for nye styremedlemar**


Samrøystes vedtak:

Styret tek orientering frå representantskapsmøtet og gjennomgang av styreinstruks til vitande

- O 08/22** **Driftsorientering**
Administrasjon orienterte om drift og pågåande saker.

Samrøystes vedtak:


Styret tek orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker til vitande



- O 09/22** **Rekneskap pr april 2022**
Rekneskapsrapport pr. 30.04.2022 viser driftsresultat over budsjett.
Samrøystes vedtak:
Styret tek rekneskapsrapporten pr april til vitande
- O 10/22** **Status investeringsprosjekt**
Oversikt over status på ulike investeringsprosjekt vart lagt fram.
Samrøystes vedtak:
Styret tek status på investeringsprosjekta til vitande
- O 11/22** **Klage- sjølvkostprinsippet – Sivilombodet**
Ombodet har bedt ankenemnda om ei begrunning på kor vidt det er rettsleg grunnlag for å leggje klagar renovasjonsgebyr, og om at ankenemnda gjer greie for om fritaksbestemminga i SIMAS-forskrifta § 18 (5) har tilstrekkeleg heimel i forureiningslova § 34 (1). Ankenemnda har svara ut. Prinsipiell viktig sak som kan påverke gebyr og sakshandsaminga i SIMAS.
Samrøystes vedtak:
Styret tek informasjon om handsaming av saka til vitande
- O12/22** **Årdal kommune som deltakarkommune i renovasjonsordninga i SIMAS**
Årdal kommune utgreier 2 alternativ, i eigenregi eller inn i SIMAS. Saka skal handsamast i kommunestyremøte i sep. Vi har god dialog, men det er lite som kan gjerast før endeleg avgjerdsle.
Samrøystes vedtak:
Styret tek informasjon om prosessen om ny renovasjonsløyising i Årdal til vitande
- O 13/22** **Orientering om SIRKLA Ressurs AS**
Det er ein krevjande konkurransesituasjon for selskapet. Dagleg leiar er alvorleg sjuk. Styret skal ha arbeidsmøte for å sjå på løysingar. Det kan vere aktuelt at styreleiar går inn og hjelper til i ein kortare periode. Må evaluerast seinast på slutten av 2022.
Samrøystes vedtak:
Styret tek informasjon om SIRKLA Ressurs AS til vitande

Drøftingssaker

- D 09/22** **Lønn/pensjon – førebuing/innspel**
Saka vart utsett då dei sentrale lønnsforhandlingane ikkje er gjennomført. Denne saka blir flytta i styret sitt årshjul til etter sommarferien.

**simas**

For eit reint og miljøvenleg Sogn

D 10/22**Ny veg til Festingdalen**

Administrasjonen i Sogndal ynskjer at vi i planprosessen skal ta med både eksisterande veg og planalternativet frå 2001. Dette ynskjer ikkje SIMAS då det er meir krevjande prosess som vi ser kan føre til fleire utfordringar. Før ein sender saka over til politisk handsaming vil ein informere politisk leiing om saka.

Samrøystes vedtak:

Styreleiar og direktør ber om møte i Festingdalen med politisk leiing i Sogndal kommune for å drøfte vidare arbeid med saka

D 11/22**Generalforsamling i Sirkla Ressurs AS. Endring av styret**

Eigar er SIMAS IKS (100%), og vert i generalforsamlinga representert med styreleiar; Torunn Hønsi. Tidlegare direktør i SIMAS som er noverande styreleiar i Sirkla ynskjer å fråtre styret. Det er naturleg at SIMAS er representert i styret ved direktør. Det vart vist til at prinsippet for styresamansetning skal følgje KS-prinsippet.

Samrøystes vedtak:

Leiar i valnemnda i Sirkla AS får mandat til å foreslå nytt styre til generalforsamlinga basert på drøftingane i styret.

D12/22**Luster Miljøpark. Krav om prisendring.**

Totalentreprenør (TE) fekk fristforlenging frå 31.12.21 til 15.05.22 pga forseinka levering av deler som følgje av pandemien. Det har vore kraftig prisauke denne våren, og TE har kome med krav spesifisert mot indeksregulering.

Samrøystes vedtak:

Styret avviser prisendring med bakgrunn i den dokumentasjon leverandør har framlagt no. Administrasjonen får fullmakt til å slutføre forhandlingane.

Vedtaksaker**V 08/22****Låneopptak i Kommunalbanken**

Representantskapet i SIMAS IKS har gjort vedtak om å føreta investeringar i henhold til investeringsplan for 2022. Samla budsjetterte investeringar i 2022 er kr. 13.050.000.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek å ta opp nytt lån i Kommunalbanken, stort kr. 13.050.000,- til finansiering av investeringar i henhold til investeringsplan.

Oppfølgingsaker


Oppfølgingsplan Handlingsplan 2022: var sendt ut før møtet

Oppfølging mottak av slagg: Ny info frå Statsforvaltar – handsaming av saka er utsatt til etter sommarferien

Eventuelt

- Det er ynskje om at styre (med varamedlemar) deltek på avfallskonferansen 6-8. sep i Oslo.
- Det vert styremøte i samband med konferansen den 8. sep, styremøte den 23-24 aug går difor ut.
- 24. aug er det Gjenvinnardagen. SIMAS er plukka ut som anlegg i Sogn og Fjordane. Politikarar og presse blir invitert for å få innblikk i kva avfalls- og gjenvinningsbransjen gjer. Ynskje om å ha det på den nye Miljøparken i Gaupne kl 10.00-12.00. Styret deltek på dette. Strategisamling med tilsette denne dagen går ut.
- Me innfører styreportal


Sogndal 12.06.2022




Torunn Hønsi
styreleiar




Petter Sortland
nestleiar



Åge Skrede
styremedlem



Marianne Ovrid
styremedlem




Ståle Øvstetun
styremedlem



Jøril Hovland
styremedlem



Birgit Lervik
styremedlem



Bjarne Larsen
varamedlem